

Retningslinjer for oppnemning og bruk av kommuneambassadør i Norddal kommune

Med kommuneambassadør meiner ein personar eller grupper som har utmerka seg positivt anten regionalt, nasjonalt eller internasjonalt.

Ordførar og rådmann vert gitt fullmakt til å oppnemne kommuneambassadørar etter følgjande retningslinjer:

Det skal i kvart tilfelle utarbeidast ein samarbeidsavtale mellom ambassadøren og Norddal kommune.

- Vedkomande skal utmerke seg anten regionalt, nasjonalt eller internasjonalt.
- Vedkomande skal kunne profilere kommunen på ein positiv måte både utanfor kommunen, og ved å delta på lokale arrangement.

Tildelinga vert avgrensa til maks 3 personar/grupper kvart år. Tildelinga gjeld for 1 år om gangen, men kan forlengast. Øvre beløpsgrense for kvart tiltak er kr 20.000,-.

Midlane skal takast frå det kommunale næringsfondet.

Det skal orienterast om ordninga på den kommunale heimesida og i Storfjordnytt.